



**Arkiv:** FE-243  
**JournalpostID:** 22/24690  
**Saksbehandlar:** Anna Karete Bjørlo  
**Dato:** 16.08.2022

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/060	Utval for kultur, idrett, samfunn og næring	06.09.2022
22/089	Stad formannskap	08.09.2022
22/109	Stad kommunestyre	15.09.2022

### Forskottering av spelemidlar til anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet

#### Bakgrunn for saka:

Det har lenge vore ønske frå Stad Idrettsråd og lag/organisasjonar som søker om spelemidlar til anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, at Stad kommune har ei ordning for forskottering av spelemidlar til anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Det har og vore ynskje om ei slik ordning for spelemidlar til lokale kulturbygg.

Forskottering av spelemidlar til anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, er ei mellomfinansiering i påvente av at laget/organisasjonen får løyvd spelemidlar frå Vestland fylkeskommune. Ordninga skal vere hjelp til lag/organisasjon som står i kø for å få tildelt spelemidlar til idrettsanlegg frå fylkeskommunen. Ordninga skal gjere det mogleg for lag/organisasjonar å starte og fullføre sitt prosjekt/tiltak med ein gong søknaden er godkjent/formelt i orden av fylkeskommunen.

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Stad kommunestyre vedtek å opprette eit eige fond på 5 millionar kroner frå kommunen sitt disposisjonsfond til ordninga "Forskottering av spelemidlar til anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet".
2. Fondet skal nyttast til forskottering av spelemidlar til anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, i påvente av at desse får løyvd spelemidlar frå fylkeskommunen.
3. Retningslinjer for forskottering av spelemidlar blir godkjent slik dei ligg føre.
4. Ordninga blir evaluert etter kvart år og skal vurderast opp mot kommunestyret sitt årlege budsjettvedtak.
5. Prioritering av forskottering skal følgje vedtekne prioriteringslister for aktuelt år for tildeling av spelemidlar. Ved eit eventuelt behov for å prioritere mellom nærmiljøanlegg og ordinære anlegg, vil dette skje ut i frå ei skjønnsmessig vurdering av søknadane.

#### Vedtak som innstilling fra Stad formannskap - 08.09.2022

1. Stad kommunestyre vedtek å opprette eit eige fond på 5 millionar kroner frå kommunen sitt disposisjonsfond til ordninga "Forskottering av spelemidlar til anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet".

2. Fondet skal nyttast til forskottering av spelemidlar til anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, i påvente av at desse får løyvd spelemidlar frå fylkeskommunen.
3. Retningslinjer for forskottering av spelemidlar blir godkjent slik dei ligg føre.
4. Ordninga blir evaluert etter kvart år og skal vurderast opp mot kommunestyret sitt årlege budsjettvedtak.
5. Prioritering av forskottering skal følgje vedtekne prioriteringslister for aktuelt år for tildeling av spelemidlar. Ved eit eventuelt behov for å prioritere mellom nærmiljøanlegg og ordinære anlegg, vil dette skje ut i frå ei skjønsmessig vurdering av søknadane.

**Vedlegg i saka:**

25.08.2022	Retningslinjer 2022 - Forskottering av spelemidlar til anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet	1516767
25.08.2022	StadIR_innspill_forskottering_220824	1518045

**Utval for kultur, idrett, samfunn og næring 06.09.2022:****Handsaming:****UKISN- 22/060 Vedtak:**

1. Stad kommunestyre vedtek å opprette eit eige fond på 5 millionar kroner frå kommunen sitt disposisjonsfond til ordninga "Forskottering av spelemidlar til anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet".
2. Fondet skal nyttast til forskottering av spelemidlar til anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, i påvente av at desse får løyvd spelemidlar frå fylkeskommunen.
3. Retningslinjer for forskottering av spelemidlar blir godkjent slik dei ligg føre.
4. Ordninga blir evaluert etter kvart år og skal vurderast opp mot kommunestyret sitt årlege budsjettvedtak.
5. Prioritering av forskottering skal følgje vedtekne prioriteringslister for aktuelt år for tildeling av spelemidlar. Ved eit eventuelt behov for å prioritere mellom nærmiljøanlegg og ordinære anlegg, vil dette skje ut i frå ei skjønsmessig vurdering av søknadane.

**Stad formannskap 08.09.2022:****Handsaming:****F- 22/089 Vedtak:**

1. Stad kommunestyre vedtek å opprette eit eige fond på 5 millionar kroner frå kommunen sitt disposisjonsfond til ordninga "Forskottering av spelemidlar til anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet".
2. Fondet skal nyttast til forskottering av spelemidlar til anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, i påvente av at desse får løyvd spelemidlar frå fylkeskommunen.
3. Retningslinjer for forskottering av spelemidlar blir godkjent slik dei ligg føre.
4. Ordninga blir evaluert etter kvart år og skal vurderast opp mot kommunestyret sitt årlege budsjettvedtak.
5. Prioritering av forskottering skal følgje vedtekne prioriteringslister for aktuelt år for tildeling av spelemidlar. Ved eit eventuelt behov for å prioritere mellom nærmiljøanlegg og ordinære anlegg, vil dette skje ut i frå ei skjønsmessig vurdering av søknadane.

## Stad kommunestyre 15.09.2022:

### Handsaming:

Ståle Sandal (Sp) stilte spørsmål ved sin habilitet då han har ulike roller i tilknytning til fleire aktørar som er søkjarar av tippemidlar. Sandal vart samrøystes kjend habil.

Kjell Magnar Flølo (Sp) stilte spørsmål ved sin habilitet då han har ulike roller i tilknytning til fleire aktørar som er søkjarar av tippemidlar. Flølo vart samrøystes kjend habil.

### Endringsframlegg frå Ståle Sandal (Sp):

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vert vedteke med følgjande korrigerings i punkt 3: Retningslinjer for forskottering av spelemidlar blir godkjent slik dei ligg føre, med unnatak av avsnitt om rente på forskottering. Avsnitt om **Renter på forskottering** vert fjerna frå retningslinjene.

Det vart røysta alternativt over innstillinga frå formannskapet og endringsframlegget frå Ståle Sandal (Sp). Innstillinga frå formannskapet vart vedteke mot 13 røyster. Sp, SV, Knut Tore Nes Hjelle (V) og Hans Petter Gilleshammer (Ap) røysta for.

### KS- 22/109 Vedtak:

1. Stad kommunestyre vedtek å opprette eit eige fond på 5 millionar kroner frå kommunen sitt disposisjonsfond til ordninga "Forskottering av spelemidlar til anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet".
2. Fondet skal nyttast til forskottering av spelemidlar til anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, i påvente av at desse får løyvd spelemidlar frå fylkeskommunen.
3. Retningslinjer for forskottering av spelemidlar blir godkjent slik dei ligg føre.
4. Ordninga blir evaluert etter kvart år og skal vurderast opp mot kommunestyret sitt årlege budsjettvedtak.
5. Prioritering av forskottering skal følgje vedtekne prioriteringslister for aktuelt år for tildeling av spelemidlar. Ved eit eventuelt behov for å prioritere mellom nærmiljøanlegg og ordinære anlegg, vil dette skje ut i frå ei skjønsmessig vurdering av søknadane.

### Saksopplysningar:

Vestland fylkeskommune forvaltar og fordeler spelemidlar, som kjem av overskotet til Norsk Tipping og er administrert av Kulturdepartementet. Midlane skal nyttast til anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Vestland fylke.

Søknad om spelemidlar kjem først inn til kommunen og blir behandla her. Sakshandsamar behandlar søknadane etter gjeldande regelverk. Stad kommune gjer kvart år vedtak om prioritering av innkomne spelemiddelsøknadar, samt vedtak av rullert handlingsprogram til kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Søknadane og vedtak blir sendt over til Vestland fylkeskommune for behandling innan fristen 15.januar kvart år. Søknadane må godkjennast (få status formelt i orden) av fylkeskommunen for å kunne stå på prioriteringsliste og få tildelt spelemidlar frå Vestland fylkeskommune.

Det årlege, samla søknadsbeløpet for spelemidlar som går til Vestland fylkeskommune, ligg i nivå langt over det fylket får til årleg utdeling. Dette fører til eit etterslep på tildeling av spelemidlar, og dei fleste tiltaka må vente i fleire år for å få tildeling av spelemidlar. Gjennomsnittleg ventetid (2022) for ordinære anlegg er 4-5 år og for nærmiljøanlegg 2 år. Ein godkjent søknad som ikkje får tildeling første året, må fornyast og godkjennast kvart år til dei får tildeling av Vestland fylke. Det er søkaren

som har ansvar for å fornye søknaden innan søknadsfristen. Om dei ikkje fornyar søknaden sin, vil dei falle ut av prioriteringslista.

På grunn av etterslep og venteliste har lag/organisasjonar i Stad kommune søknadar som er godkjent/formelt i orden av fylkeskommunen, men som står utan tildeling. Det er desse tiltaka denne ordninga med forskottering av spelemidlar er til for.

Stad kommune har kring 30 godkjente søknadar kvart år. Anlegg i Stad kommune har fått tildelt spelemidlar til 4-7 søknadar i året i gjennomsnitt dei siste åra, og det har kome inn 4-7 nye søknadar/tiltak kvart år. Dette gjer at tal godkjente søknader er nokså konstant.

Lag og organisasjonar med trong økonomi vil ikkje har moglegheit til å starte med sine tiltak/prosjekt før dei får tildeling av spelemidlar frå Vestland Fylkeskommune. Det er også utfordrande å få lån i ordinære bankar for organisasjonar med trong økonomi. Slike lån vil i tilfelle også ha nokså høg rente. Når tiltak/prosjekt blir utsett vil dette utfordre frivillige lag og organisasjonar på ulik måte. Ei skissert utfordring er at lag og organisasjonar skiftar medlemmar i styret ofte, noko som igjen kan medføre at drivkreftene bak tiltaket kan forsvinne. Drivkreftene som har sett i gang tiltaket sit ofte med kunnskap og kompetanse som er nytta i dette tiltaket. Det nye styret vil mangle denne kunnskapen dersom dei ikkje har vert med i planleggingsfasen og ikkje har oversikt/kunnskap om tiltaket. Rask igangsetting av godkjende og føremålstenlege tiltak for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet kan såleis vere avgjerande både for gjennomføringsevne og motivasjon.

### **Rente på forskottering**

Det er lagt inn rente på forskotteringa tilsvarende kommunen si innskotsrente i bank, pluss 0,5%. Kommunen si innskotsrenta endrar seg kvar dag og det er store svingingar i dagens rentemarknad. Det er dermed vanskeleg å rekne ut på førehand kva det vil koste kommunen å forskottare spelemidlane utan rente. Dette avhenge av rentevariasjon og kor lenge forskotteringa til kvar enkelt søknad varer.

Om Stad kommune forskotterer heile potten på 5 million kroner og det er gjennomsnittleg rente i forskotteringsperioden på 2% vil dette utgjere tapte renteinntekter for kommunen på 100 000 kroner årleg. Er det halve potten som er forskottert utgjør det 50 000 kroner årleg.

For eit lag som får forskottert eit beløp på 300 000 kroner, vil renteutgifta til Stad kommune bli 6000 kroner årleg.

### **Fordelar med forskottering av spelemidlar etter godkjent søknad:**

- Forskottering av spelemidlar fører til at lag/organisasjonar kan starte og ikkje minst fullføre sitt prosjekt/tiltak med ein gong søknaden er godkjent/formelt i orden.
- Kommunen imøtekjem frivillige og er med å bidreg til god dugnadsand.
- Det vil vere ein motivasjon for frivillige med vilje og pågangsmot.
- Lag med trong økonomi kan få starte bygging omgåande og slepp vente på tildeling av spelemidlar.
- Kommunen sjølv står ikkje med ansvar/kostnader for utbygging av denne type anlegg
- Fleire lokale anlegg auka den fysiske aktiviteten i lokalsamfunnet og dette fremja attraktive lokalsamfunn Auka bulyst.
- Auka fysisk aktivitet bidrar til betre folkehelse.

### **Forskottering av fylkeskommunen og tidlegare praksis i kommunen**

Når søkar har fått tildelt spelemidlar frå fylkeskommunen og arbeidet med anlegget er kome godt i gang, kan søkar få utbetalt inntil 75% av tildelt tilskot frå Vestland fylkeskommune før anlegget er ferdig stilt. Stad kommune må stadfeste at arbeidet er godt i gang og be fylkeskommune om utbetaling etter initiativ frå søkar sjølv.

Før måtte ein vente til anlegget var ferdig, og rekneskapen var godkjent før ein fekk utbetalt tildelt tilskot. Det har derfor vore nødvendig at kommunen har forskottert enkelte anlegg etter at tildeling av spelemidlar er vedtatt av fylket. Dette for at søkar skal ha likviditet til å kome i gang med arbeidet.

I enkelte tilfelle ved større anlegg har kommunen imøtekomme søknad frå lag/organisasjonar om garanti for låneoptak i påvente av utbetalinga av spelemidlar.

Det har ikkje vore noko vedteken rutine på dette, og søknadane har blitt lagt fram for kommunestyret for handsaming ved kvart tilfelle.

### Mogleg behov for kommunal forskottering søknadsåret 2022

Dette er rekna ut i frå retningslinjene om 1 søknad om forskottering per organisasjon og maksimalt 1 million per søknad. Ynskjer ein å endre retningslinjene til ein anna maksimal forskotteringssum og ein anna prosentsats blir reknestykket annleis.

Nærmiljøanlegg	Ordinære anlegg	SUM
990 000	3 607 000	4 597 000

Nærmiljøanlegg					
Anleggs nr	Søkar	Anleggsnamn	Søknads beløp	Kommunal forskottering	Merknad
77056	STAD KOMMUNE	Hinderløype/ klatreløype	600000	0	Ikkje aktuell
75942	VESTLAND FYLKESKOMMUNE	Padeltennisbane 2	600000	0	Ikkje aktuell
75991	STAD KOMMUNE	Firkanten Nordfjordeid skule	591000	0	Ikkje aktuell
78792	STADLANDET IDRETTSLAG	Stadlandet skatepark	300000	300000	
75632	HAUGEN OG DALEN BYGDEUTVIKLING GSLAG	Øynavegen - Trinn 2	300000	300000	
77283	STAD KOMMUNE	Hinderløype Fjellveien 2	269000	0	Ikkje aktuell
77288	EID IDRETTSLAG	Sandvolleyballbane 2	228000	228000	* Sett på saman med Sandvolleyballbane 1
74340	STAD KOMMUNE	Aktivitetsløype Torvik bustadfelt	215000	0	Ikkje aktuell
74339	STAD KOMMUNE	Ballbane Torvik bustadfelt	188000	0	Ikkje aktuell
77287	EID IDRETTSLAG	Sandvolleyballbane 1	162000	162000	* Sett på saman med Sandvolleyballbane 2
77055	STAD KOMMUNE	Kanonballbane	91000	0	Ikkje aktuell
			354400 0	990000	

## Ordinære anlegg

Anleggs nr	Søkar	Anleggsnavn	Søknads beløp	Kommunal forskotteri ng	Merknad
13633	STAD KOMMUNE	Selje skule, svømmeanlegg	4900000	0	Ikkje aktuell
8658	STAD KOMMUNE	Eid idrettshus	3409000	0	Ikkje aktuell
51482	STAD KOMMUNE	Nordfjordeid skule - Fleirbrukshall	3100000	0	Ikkje aktuell
77289	SELJE IDRETTLAG	Seljetrappene: Selje- Tarvaldseggja- sherpasti	1641000	1000000	Blir redusert til 1 mill. pga. maksimalsu- m.
54737	STAD KOMMUNE	Ridesti Hogaåsen	1400000	0	Ikkje aktuell
59120	HARPEFOSSEN SKISENTER AS	Harpefossen Skisenter - Rehabilitering fjellheis "H"	999000	999000	
11201	HARPEFOSSEN SKISENTER AS	Harpefossen skisenter- storslalåm - «Kristianløypa»	996000	0	* 1 søknad per organisasjon
78921	HARPEFOSSEN SKISENTER AS	Turløype Furehogane- Bjørhovdesetra "Grønelidløypa"	951000	0	* 1 søknad per organisasjon
11201	HARPEFOSSEN SKISENTER AS	Harpefossen skisenter- storslalåm - «Kristianløypa»	700000	0	* 1 søknad per organisasjon
13632	STAD KOMMUNE	Selje skule - Aktivitetssal	700000	0	Ikkje aktuell
7873	HAUGEN IDRETTLAG	Klenkaberget stadion - klubbhus	669000	669000	
8660	EID IDRETTPARK	Eid idrettspark, kunstgras	593000	593000	
8663	STAD KOMMUNE	Eid idrettshus- symjebasseng	236000	0	Ikkje aktuell
51479	FELLESANLEGG T - TUA SA	Fellesanlegget Tua - Smørebod	207000	207000	
46123	EID JEGER OG FISKELAG	Tua skyttaranlegg - Vilt/Elgbane	139000	139000	
71052	SELJE IDRETTLAG	Selje idrettspark, Grusbane til	105000	0	* 1 søknad per organisasjon

46124	EID JEGER OG FISKELAG	Kunstgras 7-ar Tua skyttaranlegg - Leirduebane	71000	0	* 1 søknad per organisasjon
			<b>20816000</b>	<b>3607000</b>	

### Korleis skal Stad kommune ordne dette i praksis?

Stad kommune må opprette eit eige disposisjonsfond som skal nyttast som mellomfinansiering av spelemidlar. Det vil då bli forskottering til alle typar anlegg for idrett og fysisk aktivitet: Ordinære anlegg og nærmiljøanlegg.

- Det blir tilrådd å setje av eit disposisjonsfond på kr 5,0 mill. til forskotteringsordninga
- Sum utbetalt forskottering skal tilbakebetalt med rente tilsvarande kommunal innskotsrente pluss 0,5%.
- Storleiken på fondet blir vurdert kvart år opp mot kommunestyret sitt årlege budsjettvedtak.
- Eigne retningslinjer for handsaming av slike forskotteringar ligg ved denne saka, og skal godkjennast av kommunestyret.

### Lokale kulturbygg

Lag og organisasjonar kan søkje om spelemidlar til bygg- og anleggsprosjekt for lokale kulturbygg (lagshus). Desse tiltaka er ikkje garantert tildeling av spelemidlar sjølv ved godkjent søknad, slik som spelemidlar for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, fordi den økonomiske ramma til fylkeskommunen er vesentleg mindre for lokale kulturbygg. På grunn av dette kan kommunen heller ikkje forskottere spelemidlar til lokale kulturbygg. Desse tiltaka kan derimot søkje om kommunal garanti for låneopptak, tilsvarande det som står under overskrifta «Garanti på lån til prosjekt for idrettsanlegg og anlegg for fysisk aktivitet».

### Garanti på lån til prosjekt for idrettsanlegg og anlegg for fysisk aktivitet

Lag/organisasjonar kan søkje kommunen om garanti for låneopptak til bygg- og anleggsprosjekt. Kommunen kan stille garanti for lån som lag og organisasjonar tek opp i bank. Føresetnaden er at søkjar ikkje driv næringsverksemd og at garantien ikkje er av vesentleg økonomisk risiko for kommunen. Alle slike søknader må godkjennast av kommunestyret. I tillegg må søknaden godkjennast av Statsforvaltaren i Vestland dersom beløpet det vert garantert for overstig kr 2,0 mill. Viser til kommunelova § 14-19 og Forskrift om garantiar og finans- og gjeldsforvaltning i kommunar og fylkeskommunar.

### Stad idrettsråd

Stad kommune har bede Stad Idrettsråd om uttale til saken og retningslinjene.

Uttalen frå Stad Idrettsråd ligg vedlagt. Idrettsrådet sine merknadar knyt seg i det vesentlege til kravet om rente på lånebeløpet. Administrasjonen si grunngjeving for eit slikt rentekrav går fram av saksutgreiinga ovanfor.

### Vurdering:

Etter ei samla vurdering finn kommunedirektøren det føremålstenleg å tilrå at det vert sett av midlar til eit fond til forskottering av spelemidlar.

### Økonomiske konsekvensar:

Sjølve forskotteringa av spelemidlar vil ikkje gje kommunen økonomiske konsekvens så lenge som inngåtte avtaler vert haldne. Forvaltning av ordninga må handterast av kommuneadministrasjonen, og vil gå over det ordinære driftsbudsjettet.